

Arkivkode:

Sak nr.: 2023/8100

Styresak: **09/2023**

Møtedato: 14. juni 2023

---

## **Utlysning av stilling som førsteamanuensis i botanikk (systematikk kryptogamherbariet) ved Avdeling for naturhistorie**

---

### **Bakgrunn**

Avdeling for naturhistorie ber om å få lysa ut ei fast stilling som førsteamanuensis i systematikk knytt til Kryptogamherbariet. Personen som ein ønskjer å tilsetja vil ha det vitskaplege ansvaret for lav-, sopp-, mose- og algesamlinga ved Universitetsmuseet, og vil driva forskning i biosystematikk med fokus på ei av desse organismegruppene. Stillinga vart tidlegare lyst ut i 2018, nr. 1 vart tilsett i juni 2019 (UM-sak 08/2019), Vedkommande fekk tilbod om tilsetjing, men takka nei. Stillinga vart ikkje lyst ut igjen av økonomiske grunnar. Sidan november 2021 har det ikkje vore nokon vitskapleg stilling knytt til herbariet, inkludert karplantesamlingane. Dette er problematisk sidan de botaniske samlingane i aller høgste grad er i aktiv bruk av forskarar både internt og eksternt.

I museumsstyrets behandling av budsjett for 2023 ([sak 20/22](#)) ble det lagt til grunn at Avdeling for naturhistorie kunne forberede tilsetjing i ei førsteamanuensisstilling med startdato tidlegaste 01.01.2024. Det blir vurdert slik at det er av strategisk betydning å satsa på å få tilsett ein aktiv forskar med ekspertise innan nokre av disse organismegruppene som alle er økologisk viktige på Vestlandet. Med tanke på UiB si marine satsing vil det vera av særleg interesse å rekruttera ein forskar med ekspertise på marine makroalgar, noko som manglar ved universitetsmusea på eit nasjonalt plan.

Vedlagt følger forslag til utlysingstekst på nynorsk og engelsk.

### **Forslag til vedtak:**

Styret vedtok samrøystes at det skal lysast ut ei fast stilling som førsteamanuensis i botanikk knytt til Kryptogamherbariet ved Avdeling for naturhistorie slik det går fram av vedlagte forslag til utlysingstekst.

Kari Loe Hjelle  
Museumsdirektør/dekan

Wenche Karin Førre  
Underdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.*

VEDLEGG  
Forslag til utlysingstekst norsk og engelsk

08.06.2023 / js, kmh